

Detaljregulering Øykjeneset Næringsområde, Vanylven kommune

Oppdragsgivar
Oppdrag
Rapport type
Prosjekt nr.
Dato

Rovde Industripark AS
Reguleringsplan
Planomtale
19031
14.01.2022

Planomtale



INNHALDSLISTE

1	KORT OM PLANFORSLAGET	4
1.1	FORORD	4
1.2	AKTØRAR	4
1.3	LOKALISERING OG AVGRENSING AV PLANOMRÅDET	5
1.4	EKSISTERANDE SITUASJON	6
1.5	SAMANDRAG	6
1.5.1	MOGLEG FRAMTIDIG SITUASJON	6
2	PLANGRUNNLAG	7
2.1	PLANSITUASJON	7
2.1.1	STATLEGE OG KOMMUNALE FØRINGAR	7
2.1.2	KOMMUNEPLANEN SIN AREALDEL	7
2.1.3	GJELDANDE OG TILGRENSANDE REGULERINGSPLANAR	8
2.2	ANALYSAR SOM ARBEIDET ER BASERT PÅ	9
2.2.1	ANALYSAR OG UTGREIINGAR SOM LIGG FØRE VED OPPSTART	9
2.2.2	ANALYSAR SOM ER GJORT I SAMBAND MED PLANARBEIDET	10
3	PLANPROSESSEN	12
3.1	OPPSTARTSMØTE OG FØRESETNADER FOR PLANARBEIDET	12
3.2	VURDERING ETTER <i>FORSKRIFT OM KONSEKVENsutGREIINGAR</i> (KU-FORSKRIFTA) – PLANPROGRAM	12
3.3	MEDVERKNAD	13
3.4	KONKLUSJON OG SAMLA VURDERING AV INNKOMNE INNSPEL	13
3.5	MERKNADER ETTER 1. OFFENTLEGE ETTERSYN	13
4	PLANOMRÅDET – EKSISTERANDE SITUASJON	14
4.1	BRUK AV PLANOMRÅDET	14
4.2	KULTURMINNE OG KULTURMILJØ	15
4.3	LANDSKAP	15
4.3.1	TOPOGRAFI	15
4.3.2	SOLFORHOLD	16
4.4	FRILUFTSAREAL, REKREASJONSVERDI OG BRUK	16
4.5	NATURVERDIAR, VILTINTERESSER, ØKOLOGISKE FUNKSJONAR	17
4.6	JORDRESSURSAR/LANDBRUK/SKOGBRUK	18
4.7	TEKNISK OG SOSIAL INFRASTRUKTUR	18
4.7.1	TRAFIKKFORHOLD	18
4.7.2	VATN- AVLØP – OVERVATN	19
4.7.3	RENOVASJON	19
4.7.4	HØGSPENTLINJER, LEIDNINGAR I GRUNNEN OG TRAFOSTASJONAR	19
4.8	BARN OG UNGE SINE INTERESSER	20
4.9	UREINING	20

4.9.1	STØYFORHOLD	20
5	RISIKO OG SÅRBARHEIT	22
5.1	OPPSUMMERING KONKRETE TILTAK	22
6	SKILDRING AV PLANFORSLAGET	23
6.1	PLANLAGT AREALBRUK	23
6.1.1	REGULERINGSFØREMÅL	23
6.2	GJENNOMGANG AV AKTUELLE REGULERINGSFØREMÅL	24
6.2.1	§12-5. NR. 1 – BYGNINGAR OG ANLEGG	24
6.2.2	§12-5. NR. 2 – SAMFERDSELSANLEGG OG TEKNISK INFRASTRUKTUR	24
6.2.3	§12-5. NR. – GRØNTSTRUKTUR	27
6.2.4	§12-5. NR. 6 - BRUK OG VERN AV SJØ OG VASSDRAG, MED TILHØYRANDE STRANDSONE	28
6.3	OMSYNSSONER	28
6.3.1	FRISIKTSONE, H140	28
6.4	REKKEFØLGEFØRESEGN	29
7	VERKNADER AV PLANFORSLAGET	29
7.1	OVERORDNA OG OVERLAPPANDE PLANAR	29
7.2	KULTURMINNE OG KULTURMILJØ	30
7.3	LANDSKAP	30
7.4	FRILUFTSAREAL, REKREASJONSVERDI OG BRUK	30
7.5	NATURVERDIAR, VILTINTERESSER, ØKOLOGISKE FUNKSJONAR OSV.	30
7.6	JORDRESSURSAR/LANDBRUK/SKOGBRUK	30
7.7	TEKNISK OG SOSIAL INFRASTRUKTUR	30
7.7.1	TRAFIKKFORHOLD	30
7.7.2	VATN - AVLØP – OVERVATN	30
7.7.3	HØGSPENTLINJER, LEIDNINGAR I GRUNNEN OG TRAFOSTASJONAR	30
8	VEDLEGG	31

		Prosjektnr: 19 031		Dato: 14.01.2022	
Status /Rev:	Rev. gjeld:	Dato:	Sign:	KS:	
0	Planforslag		ABR		
Konsulentinformasjon: Nordplan AS Pb 224 6771 Nordfjordeid Tlf: 57 88 55 00 www.nordplan.no			Kundeinformasjon: Rovde Industripark AS Fiskåvegen 1010 4120 Tau Tlf: 386 00 400		
Prosjektleder: Arild Rindal			Sign:		
Kontrollert av:			Sign:		

1 Kort om planforslaget

1.1 Forord

Nordplan sin planmal er basert på Kommunal- og Moderniseringsdepartementet (KMD) si detaljerte sjekkliste for planomtale, og er inndelt i tema i tråd med denne sjekklista. Nordplan har, der vi har funne det føremålstenleg, justert på rekkjefølgja til nokre tema i sjekklista, samt slått saman nokre overskrifter og lagt til nokre få punkt.

1.2 Aktørar

Plankonsulent Nordplan AS utarbeider på vegne av tiltakshavar Rovde Industripark AS ein reguleringsplan som legg rammer og føringar for Detaljregulering Rovde Industripark.

Kontaktpersonar:
 Kommunen: Terje Kolstad
 Oppdragsgjevar: Jan Olav Torvik
 Nordplan AS: Arild Rindal

Oppdraget er utført i perioden februar 2019 – januar 2022.

1.3 Lokalisering og avgrensing av planområdet


Planområdet ligg på Øykjeneset i Rovdefjorden i Vanylven kommune.



Figur 1: Oversiktskart Vanylven. Blå pil syner lokaliseringa (www.fylkesatlas.com).



Figur 2: Oversiktskart Rovdefjorden. Blå pil syner lokaliseringa (www.fylkesatlas.no).



Figur 3: Oversiktskart Øykjeneset. Blå pil syner lokaliseringa. Grøn linje er plangrense (www.fylkesatlas.no).

Planområdet har eit samla areal på ca. 236 dekar (daa).

1.4 Eksisterande situasjon

Vedlagte flyfoto viser det viktigaste ved arealbruken i dag.



Figur 4: Flyfoto (www.fylkesatlas.no).


Meir detaljert om arealbruken i dag i kapittel 4.

1.5 Samandrag

Føremålet med planarbeidet er å legge til rette areal for industri/lager. Førebelse planar om landbasert akvakultur ligg til grunn for reguleringa. Det er planlagt å sprengje ned og planere areal regulert til dette formålet. Som ein følgje av dette har ein også vore nøydd til å sjå på deponeringsareal for overmasse/vrakmasser og alternativ til ny tilkomst frå hovudvegen.

1.5.1 Mogleg framtidig situasjon

Vedlagte skisse viser forslag til ny arealbruk.



Figur 5: Utklipp frå plankartet. Utklippet syner også forslag til vegløyising.

2 Plangrunnlag

2.1 Plansituasjon

2.1.1 Statlege og kommunale føringar

- Statlige planretningslinjer for differensiert forvaltning av strandsonen langs sjøen

2.1.2 Kommuneplanen sin arealdel

Gjeldande plan for området er «Kommuneplan til 2020 – Arealdelen – Tekstdel», vedtatt 27.03.2014.



Figur 6: Utklipp fra kommuneplanen sin arealdel for planområdet (www.fylkesatlas.no).

Føresegner

Føresegner for felt E1 (noverande) og felt E48 (framtidig) gjeld for planområdet.

2.1 Område med potensiell rasfare (pbl §11-8 a)

I område med potensiell rasfare skal det dokumenterast at det ikkje er fare for steinsprang, jord-, sørpe- eller snøras før tiltak vert sett i verk.

Figur 7: Utklipp frå føresegner.

1) Krav om reguleringsplan (pbl § 11-9 nr 1)

I område som er merka med R, kan tiltak som krev løyve etter plan- og bygningslova nemnt i pbl § 12-1 og tilhøyrande forskrifter samt fradeling til slike formål, ikkje finne stad før området inngår i godkjent reguleringsplan..

Områda bør regulerast under eitt, og innehalde felles løysing for veg og VA-anlegg. Der kommuneplanen avvik frå vedteken reguleringsplan, skal kommuneplanens arealdel gjelde framom reguleringsplanen.

Figur 8: Utklipp frå føresegner.

3.6 Næringsområde

Innanfor desse områda er det høve til etablering av næringsverksemd. Arbeid og tiltak som krev løyve etter plan- og bygningslova og tilhøyrande forskrifter kan ikkje finne stad før området inngår i ein detaljplan.

Innanfor områda Korsfura E1, E48, Vedeld E2, E49 (berre akvakultur), Knardal E3, Eidså E13-E14, Åram E20, Klovningen E55 (berre fiskeri), Sighaug E28, Krokenes E51 (berre fiskeri) og Åheim E42, E52 er det berre høve til å etablere verksemd der det er naudsynt med tilflot eller annan tilgang til sjø.

Innanfor områda Hånes E5, Syvdsnes E6, Skår E7, Vedlog E8, Klovningen E23, Flugevåg E27, E36, Slagnes E41 og Skorge E46 er det høve til å etablere verksemd som nemnt over, i tillegg til reiselivsverksemd.

Innanfor områda Åram E21, Sandvika E26, E53, Strand E29, Tunheim E34, Nordstranda E50, E54, Skjervheim E35, Ytre Vik E40 og Kvilehytta E47 er det berre høve til å etablere reiselivsverksemd.

Innanfor områda Rovde E4, Syvde E10, Kragseth E24, Sandvika E25, Sylte E37, E38, Åheim E44 og E45 er det berre høve til etablering av handel-, kontor- og reiselivsverksemd.

I områda Korsfura E1, E48, Hånes E5, Syvdsnes E6, Røda E8, Takset E12, Nystøyl E22, Klovningen E23, Flugevågen E27, Sighaug E28, Nordstranda E50, E54, Åheim E42 og Skorge E46 er det ikkje høve til etablering av handelsverksemd.

Områda Lilleide E15-E18 er primært tiltenkt produksjonsbedrifter og det er berre tillate med handel av transport- og/eller plasskrevjande varegrupper. Etablering av handel må ikkje vere i strid med regional delplan for senterstruktur.

Figur 9: Utklipp frå føresegner.

2.1.3 Gjeldande og tilgrensande reguleringsplanar


Området har ikkje tidlegare vore omfatta av områderegulering eller detaljregulering.

Det finns ingen reguleringsplanar eller pågåande planarbeid i tilgrensande areal rundt planområdet på dette tidspunktet.

2.2 Analysar som arbeidet er basert på

2.2.1 Analysar og utgreiingar som ligg føre ved oppstart

«Rapport frå arkeologisk registrering i samband med utviding av industriområdet i Korsfura-Etape 1», M&R fylkeskommune, datert 13.02.2013.



Figur 10: Utklippet frå rapporten viser planområdet.


8.0 Konklusjon

Det ble gjennomført undersøkelse av tilgjengelige deler av planområdet og gjort vurdering av potensial til de delene som var helt frosset. Ingen bevis av kulturminne ble identifisert og det er ikke påvist automatisk fredede kulturminner innenfor planområdet.

Figur 11: Konklusjon henta frå rapporten.

2.2.2 Analyser som er gjort i samband med planarbeidet

Geologisk vurdering - Skredfare, Breiteig Fjordsenter, datert 13.01.2020



Figur 12: Planareal henta frå rapporten.

11. Konklusjon

Det er utført geologisk vurdering for Rovde Industripark i Vanylven kommune.


Konklusjonen bygger på vurdering av aktsomhetskart snøskred, aktsomhetskart steinsprang, aktsomhetskart for jord- og flomskred, løsmassekart, bratthetskart/ topografisk kart, flybilder, egne bilder, geofaglig besiktigelse av området og lokal historisk informasjon.

Ut fra en geofaglig vurdering har det vurderte arealet en akseptabel risiko. Det er ingen leirproblematikk knyttet til planarealet.

Nominelle sannsynlighet for snøskred og/eller steinsprang (farenivået) mot byggverk og tilhørende uteareal, samt en hendelse knyttet til jord- og flomskred, vurderes til å tilfredsstille klasse S2 i TEK 17 § 7-3.

Figur 13: Konklusjon henta frå rapporten.

Arkeologisk registrering, M&R Fylkeskommune, datert 05.10.20



Figur 14: Alle prøvestikk med nummer.

1. Sammendrag

Denne arkeologiske undersøkelsen ble foretatt på Rovde, gbnr. 106/1,2,4,8 og 107/4 i Vanylven kommune, i forbindelse med detaljregulering for Rovde Industripark i forbindelse med tilretteleggelse for næring.

Feltarbeidet ble utført av Signe Marie Midtgård i perioden 27. til 30. april, og rapporten ble ferdigstilt 5. oktober 2020. Totalt ble det brukt 7 dagsverk på saken.

Av metoder ble det benyttet visuell overflateregistrering og manuell prøvestikking.

Det ble ikke gjort funn av automatisk fredete kulturminner.

Figur 15: Samandrag henta frå rapporten.

6. Resultat og konklusjon

Hele området er registrert jfr. Kulturminneloven § 9.

Av metoder ble det både benyttet visuell overflateregistrering og manuell prøvestikking.

Undersøkelsen resulterte ikke i funn av nye automatisk fredete kulturminner.

Figur 16: Konklusjon henta frå rapporten.

3 Planprosessen

3.1 Oppstartsmøte og føresetnader for planarbeidet

Det har vore gjennomført oppstartsmøte med Vanylven kommune 24.05.2019 i samband med planarbeidet. På møtet deltok Terje Kolstad frå Vanylven kommune, Jan Olav Torvik og Jan Sundnes for oppdragsgjevar, samt Arild Rindal for plankonsulent (Nordplan AS).

Plantype er *detaljregulering* etter plan- og bygningslova § 12-3.

Plannamn er «*Detaljregulering Rovde Industripark*».

Plan ID 21002

3.2 Vurdering etter Forskrift om konsekvensutgreiingar (KU-forskrifta) – planprogram

Vi har gjennomgått *Forskrift om konsekvensutgreiing for planar etter plan- og bygningslova §§ 6, 7, 8 og 10* (i kraft 01.07.2017).

§ 6. Planer og tiltak som alltid skal konsekvensutredas og ha planprogram eller melding Følgende planer og tiltak skal alltid konsekvensutredas og ha planprogram eller melding: a. kommuneplanens arealdel etter § 11-5 og regionale planer etter plan- og bygningsloven § 8-1, kommunedelplaner etter § 11-1, og områdereguleringer etter § 12-2 når planene fastsetter rammer for tiltak i vedlegg I og II b. reguleringsplaner etter plan- og bygningsloven for tiltak i vedlegg I. Unntatt fra dette er reguleringsplaner der det konkrete tiltaket er konsekvensutredet i en tidligere plan og der reguleringsplanen er i samsvar med denne tidligere planen c. tiltak i vedlegg I som behandles etter andre lover enn plan- og bygningsloven. Fylkeskommunen er ansvarlig myndighet for regionale planer. Kommunen er ansvarlig myndighet for kommunale planer. Ansvarlig myndighet for planer og tiltak etter bokstav b og c fremgår av vedlegg I. For tiltak etter bokstav b der gjennomføring av tiltaket ikke krever ny plan, er forurensningsmyndigheten ansvarlig myndighet hvis tiltaket krever tillatelse etter forurensningsloven. Hvis en plan etter plan- og bygningsloven endres mellom varsel om oppstart av planarbeidet og utleggelse av planforslag til offentlig ettersyn, og endringen medfører at planen omfattes av første ledd bokstav a eller b, skal planen behandles etter reglene i kapittel 5 og 6.
--

Figur 17 Utklipp frå forskrifta §§ 6 (<https://lovdata.no/dokument/SF/forskrift/2017-06-21-854>)

Vurdering: Aktuell arealplan er ei detaljregulering og kjem inn under punkt b). Vidare kjem tiltaket inn under punkt 24 i vedlegg 1: «*Næringsbygg, bygg for offentlig eller privat tenesteyting og bygg til allmennyttige formål med et bruksareal på meir enn 15 000 m2 (mindre tiltak omfattast av vedlegg II nr. 11j)*».

Tiltaket er tidlegare konsekvensutgreia gjennom kommuneplanen sin arealdel og detaljreguleringa føl opp vurderingane som vart gjort då. Vi finn derfor ikkje grunnlag for eit automatisk KU-krav etter § 6.

Ut i frå denne gjennomgangen ser ein ikkje at det i samsvar forskrifta vil vere nødvendig med planprogram og KU. Kommunen stiller seg bak denne vurderinga når planen føl opp hovudtrekk og rammer i overordna plan.

Ein står dermed att med følgende liste for aktuelt utgreiingsarbeid:

- ROS analyse

Med bakgrunn i gjennomgangen frå oppstartsmøtet, vil ein skildre verknaden av planen som del av planomtalen.

3.3 Medverknad

Varsel om oppstart: 11.07.19

Planen vart i medhald av plan- og bygningslova § 12-8 oppstartsvarsla med annonse i avisa Synste Møre og e-post eller brev til grunneigarar, naboar, lokale og regionale høyringsinstansar. Frist for merknader var sett til **30.08.2019**. Planarbeidet var også annonsert på Nordplan sine heimesider (www.nordplan.no).

Liste over varsla partar går fram av varslingsbrev, datert: 10.07.2019.

3.4 Konklusjon og samla vurdering av innkomne innspel

Det er kome inn 7 innspel i løpet av varslingsperioden. Desse er oppsummert og vurdert i eige skjema «*Innspelsskjema*», vedlegg 4.

3.5 Merknader etter 1. offentlege ettersyn


Planforslaget er no lagt ut til offentlig ettersyn. Merknader mottekne i løpet av offentlig ettersyn vert oppsummert og vurdert i eige skjema og lagt som vedlegg til planen ved kunngjering. Ev. justeringar og endringar i planforslaget etter offentlig ettersyn kjem fram av dette vedlegget.

4 Planområdet – eksisterende situasjon

4.1 Bruk av planområdet


Eksisterende tiltak i området består i hovudsak av ei utsprengt tomt på ca. 38 daa. Delar av massetaket er utbygd med ei verftsbygning på ca. 6,8 daa. Framfor verftsbygninga er det fylt ut og plastra mot sjøen. Anslått areal er ca. 8,3 daa. Som ein del av fyllinga er det etablert ei kai lengst nord på ca. 800 m². Aust i området er der ei dyrka mark på ca. 5,6 daa. Dyrka marka er etablert på ei fylling, antakeleg eit deponi for restmassar etter vegbygging i området ein gong i tida. Det finns ei lita hyttetomt rett nord for dyrka marka. Vist med lilla polygon er ein gamal brakkerigg der berre fundamenta står att.

Elles er området stort sett urørt kystlandskap med lyng og hei og nokre plassar fjell i dagen.



Figur 18: Skisse som viser dagens bruk og varsla plangrense.

Næraste busetnad ligg 600m mot sør bak fjellryggen, og 1120m mot aust.



Figur 19: Næraste busetnad.

4.2 Kulturminne og kulturmiljø

Med grunnlag i tilgjengelege digitale databasar for temaet kan ein ikkje finne at området inneheld viktige eller spesielt verneverdige verdiar i planområdet.

Delar av midtpartiet mot fylkesvegen i planområdet er tidlegare registrert og frigjeve med omsyn til arkeologiske verdiar. Det vart ikkje gjort funn.


Det er i også i denne planprosessen gjennomført arkeologisk registrering av resterande areal mot aust og vest. Det vart ikkje gjort funn.

Eventuelle funn i samband med utbygging skal meldast inn til riksantikvaren omgåande.


4.3 Landskap

4.3.1 Topografi


Landskapet kan skildrast som småkupert, men relativt flatt, hellande frå fylkesvegen nordover mot Rovdefjorden. Utanfor området i sør er det bratt fjellside opp mot Korsfurnakken.



Figur 20: Sett frå vest. (www.kommunekart.no)



Figur 21: Sett frå nordaust. (www.kommunekart.no)



Figur 22: Sett frå nord. (www.kommunekart.no)

Frå naturen si side er det ikkje store topografiske utfordringar, men eksisterande skjeringar gjev store høgdeskilnader rundt planert område.



Figur 23: Bratthet snøskred syner høgaste skjeringane i dagens massetak. (NVE)

4.3.2 Solforhold

Området ligg nordvendt og har best solforhold utover ettermiddagen og kveld. Fjellet Korsfurnakken kan dekke litt for sola tidleg på dag i søraust, men vestenden av området grensar mot sjø, noko som betrar forholda utover dagen.

4.4 Friluftssareal, rekreasjonsverdi og bruk


Området vest for planområdet er gjennom KPA regulert som friområde og vert nytta til friluft og rekreasjon. Her er parkeringsplass for bilar og ei gravrøys yst på Øykjeneset som er registrert som kulturminne. Dette er utanfor planområdet. Ein liten del av friområdet er inkludert i plangrensa for denne detaljreguleringa som følgje av ei naturleg forlenging av formålsgrensa for næring mellom sjøen og vegen.



Figur 24: Kommuneplanen sin arealdel. Plangrense i grønt. Blå piler viser parkering og gravrøys. Raud sirkel viser friområdeareal som er inkludert i plangrensa for denne detaljreguleringa.

4.5 Naturverdiar, viltinteresser, økologiske funksjonar

Det er i naturbase registrert ein større tareskogførekost utanfor eksisterande fylling.



Figur 25: Tareskogførekosten viser i mørk grøn farge. (www.naturbase.no)

Rovdefjorden	
ID	BM00118746
Naturtype	Større tareskogforekomster
Utforming	Tareskog med kun stortare
Verdi	Viktig
Registreringsdato	2019-12-15
Nøyaktighetsklasse	20 - 50m
Verdi begrunnelse	Forekomsten av tareskog er 10 000 - 100 000 m2 i beskyttet kyst-/fjordområde
Innledning	Dataene er samlet inn og forekomsten er avgrenset som en del av Nasjonalt program for kartlegging av biologisk mangfold - kyst og Pilot Møre-prosjektet (marine natur på Søre Sunnmøre). Forekomsten er modellert på bakgrunn av feltinnsamlede data
Beliggenhet og naturgrunnlag	En tareskogsforekomst i et bølgebekyttet område. Forekomsten er 15613 m2 stor.
Artsmangfold	-
Påvirkning	-
Fremmede arter	-
Råd og skjøtsel og hensyn	-
Landskap	-
Areal fra kartobjekt (daa)	15,6
Kommuner	1511 (Vanylven)
Kilder	NIVA v/Trine Bekkby m.fl. 2019. Nasjonal kartlegging – kyst 2019. Ny revisjon av kriterier for verdisetting av marine naturtyper og nøkkelområder for arter https://niva.brage.unit.no/niva-xmlui/handle/11250/2646391

Figur 26: Utklipp fra faktaarket om lokaliteten. (www.naturbase.no)

Ein legg ikkje opp til meir fylling i sjø og kjem derfor ikkje i konflikt med tareskogforekomsten.

Utanom dette er det ikkje registrert viktige naturtypar innanfor planområdet, eller spesielle verdiar i høve biologisk mangfald.

Kunnskapsgrunnlaget vert med dette vurdert til å vere tilstrekkeleg, i samsvar med Naturmangfaldlova §8. Forholdet til Naturmangfaldlova er drøfta vidare i ROS-analyse, vedlegg 3.

4.6 Jordressursar/landbruk/skogbruk

Jordbruksinteresser

Ikkje relevant for planområdet.

Skogbruksinteresser

Ikkje relevant for planområdet.

4.7 Teknisk og sosial infrastruktur

4.7.1 Trafikkforhold

FV652

Planområde ligg heilt inn til fylkesveg 652 og har avkøyrsløp frå denne. Relevant nøkkeldata henta frå www.vegkart.no:

- Funksjonsklasse: C – Lokale hovedveger
- Vegbredde
 - Totalt: 7,0m
 - Dekkebredde: 6,8m
 - Køyrebanebredde: 6,3m

- Trafikkmengde (ÅDT)
 - Total: 430
 - Andel lange køyretøy: 13%
 - År gjeld for: 2019
- Fartsgrense 80 km/t

Kommunal tilkomst KV11001

Området har tilkomst via kommunal veg med avkøyrsløp frå fylkesvegen.

- Vegbredde (målt i kart)
 - Totalt: 5,5m
 - Dekkebredde: 5,5m
 - Køyrebanebredde: 5,5m
- Trafikkmengde, ÅDT (antatt)
 - Total: < 25
 - Andel lange køyretøy: < 1%

Avkøyrsløp

Ut frå synfaring vurderer ein plasseringa til å ikkje vere heilt optimal mot. at den ligg i ei innerkurve og det er litt gjengrodd i siktsona til fylkesvegen, men at ein antakeleg oppfyller gjeldande krav så lenge ein fjernar vegetasjon som hindrar fri sikt.

4.7.2 Vatn- avløp – overvatn

Det finns ikkje kommunalteknikk i, eller i nærleiken av området i dag.

Vatn

Området har forsyning frå eigen privat brønn. Næraste vassverk for tilknytning er Rovde Vassverk, privat.

Avløp

Avløp går i dag via privat slamavskiljar og til sjø.

Overvatn


Det finst ikkje opplegg for handtering av overvatn anna enn grøfter langs veg.

4.7.3 Renovasjon

Det er kommunal renovasjon i Vanylven kommune, med henting frå kommunal veg. Alle privatpersonar med eigedom er automatisk tilknytt ordninga. Næringsdrivande kan inngå frivillig avtale om renovasjon.

4.7.4 Høgspenningslinjer, leidningar i grunnen og trafostasjonar

Området blir forsynt med en 28 km lang 22 kV luftlinje/kabel frå Åmela Transformatorstasjon.



Figur 27: Grøn linje viser dagens trasè for høgspenn(22kV) i området. Stipla linje er varsla plangrense.

Det er i dag ikkje sett inn omsynssoner for høgspenn i eksisterande planar (KPA).

4.8 Barn og unge sine interesser

Det er ikkje kjend at barn og unge nyttar området i dag i nokon grad. Det mest aktuelle arealet for slik aktivitet ligg heilt vest inn mot regulert friområde (KPA) i tilknytning til eit automatisk freda kulturminne (gravrøys, ID 60482-1) yst på Sundnesneset. Dette friområdet ligg utanfor plangrensa og vert ikkje endra gjennom denne reguleringa.

4.9 Ureining


4.9.1 Støyforhold

Industristøy

Det er lite aktivitet på området i dag, og ein vurderer området til ikkje å vere gjenstand for produksjon av utilbørleg støy for omkringliggande område.

Trafikkstøy

Støysonekart frå Statens Vegvesen viser støysone for FV652. Ei smal stripe langs plangrensa i sør er dekkja av gul støysone. Det er liten trafikk til og frå området i dag og ein vurderer trafikkstøy til ikkje å vere ei problemstilling for omkringliggande område.



Figur 28: Støy er synt som gul sone langs hovudvegen FV652 (Statens vegvesen).

5 Risiko og sårbarheit

Risiko- og sårbarheitsanalyse for planområdet er lagt ved som eige dokument.

Etter gjennomgang av Ros-sjekklista i punkt 1.2 i vedlagt analyse, er det konkludert med følgande moglege hendingar innanfor planområdet:

1. Forholdet til naturmangfaldlova (sjå ROS vedlegg 6)
2. Skredfare
3. Grunnforhold
4. Flaumfare
5. Fornminne (automatisk freda)

Risiko før og etter tiltak			
U-ønska hending	Risiko utan tiltak	Risiko etter tiltak	Kommentar/tiltak
1. Skredfare	1	1	Området er utgreia for skredfare av fagkyndig. Vedlagt fagrapport syner vurderingane. Ingen naudsynnte tiltak i følgje vedlagt rapport. Det er tillate å føre opp bygningar i tryggleiksklasse 2 på heile planområdet.
2. Grunnforhold	1	1	Vedlagt skredfarevurdering frikjenner planområdet og tilgrensande areal for leirproblematikk. I tillegg til vedlagd skredfarevurdering som frikjenner planområdet for leirproblematikk så skal all lausmasse i området gravast av og deponerast lengst aust i planområdet. Dette reduserer sannsynet for utgliding i byggeområde ytterlegare.
3. Flaumfare	4	2	Framskrivingar av klima, nedbør og havnivå har brei oppslutning blant forskarar. Det er gjennom føresegn til planen sett føringar for minimum kotehøgde på 1. etasje for nye bygningar på grunnen.
4. Fornminne	2	1	Området er frigjort etter gjennomført arkeologisk registrering. Det er på grunnlag av dette ikkje sett inn andre tiltak enn generelt krav om stopp og varslingsplikt om det skulle framkome spor av kulturminne. Føresegn § 3.5.

5.1 Oppsummering konkrete tiltak

- Gjennomført vurdering av skred og grunnforhold friskmelder byggeområde BN. Ingen ekstra tiltak er kravd.
- Det er i føresegn § 4.1.1 sett krav om at 1. etasje for nye bygningar skal minst ligge på kote +3, målt frå normalnull (NN2000). Tiltak og installasjonar som skal ligge under kote +3 skal byggast vasstett.
- Føresegn § 3.5 set krav om stopp og varslingsplikt om det skulle framkome spor av kulturminne.

6 Skildring av planforslaget

Målsetting: Legge til rette fleksibelt næringsareal for framtidige interessentar som treng tilgang til sjø. God og sikker trafikkavvikling i området. Oppretthalde landbruksareal i drift.

6.1 Planlagt arealbruk

6.1.1 Reguleringsføremål

Arealet er fordelt på dei ulike reguleringsføremåla slik tabellen viser.

Arealformål	
§12-5. Nr. 1 – Bygningar og anlegg	Areal (daa)
1300 - Nærings bygningar	117,1
1500 - Andre typar bygningar og anlegg	1,7
Sum areal denne kategori:	118,9
§12-5. Nr. 2 – Samferdselsanlegg og teknisk infrastruktur	Areal (daa)
2011 - Køyreveg (2)	7,5
2019 - Annan veggrunn - grøntareal (4)	9,6
2040 - Hamn	0,7
Sum areal denne kategori:	17,8
§12-5. Nr. 3 – Grøntstruktur	Areal (daa)
3060 - Vegetasjonsskjerm (3)	21,5
Sum areal denne kategori:	21,5
§12-5. Nr. 6 – Bruk og vern av sjø og vassdrag, med tilhøyrande strandsone	Areal (daa)
6100 - Ferdsel	41,3
Sum areal denne kategori:	41,3
Totalt alle kategorier:	199,5

Figur 29: Arealtabell for planområdet.

6.2 Gjennomgang av aktuelle reguleringsføremål

6.2.1 §12-5. Nr. 1 – Bygningar og anlegg

1300 - Næringsbygningar

Området er regulert som næringsbebyggelse innanfor industri-, handverks- og lagerverksemd. Inkludert i dette er også:

- Landbasert akvakultur
- Produksjon og/eller destruksjon av plasskrevjande tekniske installasjonar, fortrinnsvis marine, men også anna.
- Uttak, knusing, transport og lagring av masser for arrondering av nyttbart byggeareal.

Då arbeidet med å skaffe moglege interessentar vart jobba med samtidig som planarbeidet har ein hatt ønskje om å lage ein plan som kan nyttast relativt breidt innanfor formålet. Aktuelle næringer ein ønskjer å gjere seg attraktive for er landbasert akvakultur, produksjon/destruksjon av tekniske installasjonar, lager osv.; store plasskrevjande verksemdar. Samtidig som ein jobbar med interessentar for næringsareal er det ein del masse som må takast ut for å kunne forme ei nyttbar tomt til dette formålet. Det finst allereie interessentar for massane og ein ønskjer å legge til rette for at dette også kan utførast. Med dette som mål har ein vald å regulere området som eit næringsareal med moglegheit for uttak av masse. Størsteparten av arealet er allereie planert på ca. kote +3 slik at det mest naturlege ved framtidig utvikling av tomte er at ein fortset å utvide tomte på dette nivået og avtrappar høgden i bakkant i passelege pallhøgder.

Byggegrensa i sør er sett 30m frå senterlinja på fylkesvegen. Sidan området er prioritert for næring som treng tilflot frå sjø er det ikkje sett byggegrense langs strandsona. Det kan derfor byggast heilt i formålsgrensa mot sjøen. Det er ikkje sett byggegrense mot vest då det der skal etablerast ny tilkomst langs formålsgrensa som vil sørge for tilstrekkeleg avstand til nabogrense. Byggegrense mot nabo i aust er sett til 4m, men ein må rekne med noko større byggeavstand frå formålsgrensene sidan terrenget må takast ned 1-2 pallhøgder enkelte plassar langs denne grensa.


6.2.2 §12-5. Nr. 2 – Samferdselsanlegg og teknisk infrastruktur

I samband med etablering av ny tilkomst og tilknytning til fylkesveg har ein lagt til grunn gjeldande *SVV handbok N100 Veg- og gateutforming (2019)*.

2011 - Køyreveg

Tilkomst til næringsområde

Ny tilkomst legg til grunn tverrprofil som vist i *Figur B.16* på s. 26 i *N100*. Heile tilkomsten frå fylkesvegen og ned til kote +3 er regulert inn.




Figur 30: Utklipp fra Figur B.16 på s. 26 i N100.

Fylkesveg 652

På grunnlag av lav ÅDT (430), relativt høy fart (80km/t) og vegbredde (7,0m) vurderer ein fylkesvegen til å samsvare godt med dimensjoneringsklasse L1, som vist i *Tabell C.3.* på s. 32 i N100. Tverrprofil som vist i *Figur C.5.* på s. 41 i N100 er derfor lagt til grunn.

Tverrprofil

Vegen skal utformes som vist i *Figur C.5* eller *Figur C.6*. Ved ÅDT > 500 skal tverrprofil som vist i *Figur C.5* benyttes.



Figur C.5: Tverrprofil Hø1, 2-feltsveg, vegbredde 7,5 (mål i m)

Veger som går gjennom et sårbart/kostbart terreng skal bygges med vegbredde 6,5 m. Tverrprofil med bredde 6,5 m er vist i *Figur C.7*.

Ved ÅDT < 500 kan vegen bygges med ett felt og bredde 4 m. En 1-feltsveg kan kombineres med en 2-felts veg på strekninger der det er vanskelig å oppnå møtesikt.

Figur 31: Utklipp fra Figur C.5 på s.41 i N100.

	Lokale veger		
Vegtype	L 1	Forbikjeringssikt [m]	
ADT	< 1,5'	Min. vertikalkurveradius, høy [m]	2300
Fartsgrense [km/t]	80 / 60	Min. vertikalkurveradius, lav [m]	1000
Tverrprofil [m]	7,5	Maks. overhøyde [%]	8
Skulder 1 [m]	0,5	Maks. stigning [%]	8
Kjørefelt 1 [m]	2,75	Maks. resulterende fall [%]	11,3
Indre skulder 1 [m]		Min. resulterende fall [%]	2
Skille kjøreretninger [m]		Kryssløsning	T
Indre skulder 2 [m]		Avstand mellom kryss [m]	
Kjørefelt 2 [m]	2,75	Min. horisontalkurveradius [m]	
Skulder 2 [m]	0,5	Min. vertikalkurveradius, høy [m]	5500
Alternativ utforming [m]	4	Avkjørsler	T
Min. horisontalkurveradius [m]	225	Avstand mellom stopplommer [km]	
Min. klotoider [m]	115	Forbikjering	
Stoppsikt [m]	105	Eget- eller motg. felt	
Δst1 (stigning)	-10	Belysning	I
Δst2 (fall)	15	Dimensjonerende kjøretøy	VT/L
Motesikt [m]	220	Dimensjonerende kjøremåte	
Vegtype H1, H5, H3 = Nasjonale og øvrige hovedveger Hø1-Hø2 = Øvrige hovedveger	Belysning B = Krav om belysning I = Ikke belysning	Avkjørsel B = Begrens AF = Avkjørselsfri T = Tillates	Forbikjering M = forbikjering i motgående kjørefelt E = forbikjering i egne forbikjøringsfelt
Kryssløsning T = T-kryss X = X-kryss R = Rundkjøring P = Planskilt kryss	Skille mellom kjøreretninger FM = Forsterket midtoppmerking MR = Midtdeler med midtrekkverk	Dimensjonerende kjøretøy/-måte VT = Vogntog MVT = Modulvogntog L = Lastebil A/B/C = Kjøremåte A, B eller C	

Figur 32: Utklipp fra Tabell C.3. på s. 32 i N100.

Tilknytning mellom fylkesveg og tilkomst

Tilknytning mellom fylkesveg og tilkomst er planlagt på same plass som i dag. Tilknyttinga er planlagt som *avkjørsle* då dette er tillate gjennom vald dimensjoneringsklasse for fylkesvegen.

D.1.4 Avkjørsler

Avkjørsel er kjørbart tilknytning til offentlig veg- eller gatenett fra en eiendom eller et begrenset antall eiendommer.

D.1.4.1 Geometrisk utforming

For avkjørsler med liten trafikk (ÅDT < 50 eller færre enn 10 boenheter) bør hjørneavrundingen utføres som en enkel sirkel med radius R = 4 m. For avkjørsler med ÅDT > 50, eller med en stor andel lastebiler og vogntog, og ÅDT på primærvegen < 2 000, bør hjørneavrundingen utføres som en enkel sirkelkurve med radius R = 9 m. Disse avkjørsleene bør bygges med samme krav til vertikal linjeføring som kryss.


Avkjørsler med ÅDT > 50 og ÅDT på primærvegen > 2 000 bør utformes som kryss. Krav til primærvegens linjeføring i kryssområdet er gitt i hver dimensjoneringsklasse.

Krav til utforming av kantstein er gitt i kapittel D.4.7.

Figur 33: Utklipp fra s.63 i N100.


Låg ÅDT på fylkesvegen og antatt låg ÅDT til næringsområdet etter utbygging underbygger dette valet. Avkjørsle si plassering er vurdert som god der den allereie er etablert sjølv om den ligg i innersving.

Dimensjonerende kjøretøy er sett til vogntog.



Figur 34: Utklipp fra Figur E.7. på s. 97 i N100.

Vald køyremåte er køyremåte B.



Figur E.9: Køyremåte B

Ved køyremåte B forutsettes følgende når det gjelder dimensjonerende kjøretøy:

- i kryss forutsettes kjøretøyet å kunne bruke deler av motgående kjørefelt i den veg/gate kjøretøyet svinger inn i

- på veger og gater utenfor kryss antas at valgt kjøretøy på enkelte partier trafikkerer disse med en lavere fart enn fartsgrensen

- i kryss forutsettes valgt kjøretøy å kunne kjøre gjennom krysset med en lavere fart enn 15 km/t

- i slyng skal kjøretøyet kunne kjøre med en fart på 15 km/t

- kjøretøyet vil i noen tilfeller måtte regne med å rygge på snuplasser

Figur 35: Utklipp av Figur E.9 på s. 98 i N100, og sporingskurve for vogntog på s. 107 i N100.

2019 - Annan veggrunn – grøntareal

Arealformålet utgjør alt grøntareal som naturleg høyrer til vegkroppen til fylkesvegen og ligg innanfor eigedomsgrensa til FV652. Formålsgrensa mot fylkesvegen er avgrensa i vegskulderkant.

2040 – Hamn

Formålet omfattar eksisterande kai. Det er ikkje lagt opp til noko utviding av denne, men det er høve til å gjere justeringar innanfor formålet om det trengs for å tilpasse seg næringsverksemd på land.

6.2.3 §12-5. Nr. – Grøntstruktur

3060 – Vegetasjonsskjerm

Det er lagt opp til 3 formål for vegetasjonsskjerm i planforslaget. GV2 og GV3 er vegetasjonsskjerm langs fylkesvegen. Målet med vegetasjonsskjermen er her å skape litt

avstand til vegen slik at bruddkanten til tomte ikkje kjem heilt opp i vegkanten. Samtidig er det planlagt å etablere voll innanfor formålet som bidreg både som skjerming for innsyn og støy, men også som deponi for overskotsmasse frå området. Vollen skal revegeterast med stadeigen vegetasjon etter avslutning. Det er også høve til å sette opp gjerde innanfor formålet for enkel tilgangskontroll og sikring av området.

GV1 er lagt opp som eige formål heilt vest i planområdet. Dette på oppfordring frå fylkeskommunen som viser til at dei ønskjer å skape ein buffer mellom næringsområdet i aust og friområdet i vest. Området utanfor planområdet i vest har verdiar som friluftareal som ein ønskjer å skjeme frå industrien som skal etablerast innanfor felt BN. Det er også registrert ei gravrøys i dette friområdet som antakeleg har besøkande med jamne mellomrom som kan nytte godt av denne vegetasjonsskjermen. Samtidig som dette gjev ein viss avstand til næringsområdet er det også lagt opp til at GV1 kan nyttast som deponi for overskotsmasser, men på ein måte som gjev området eit naturleg preg etter avslutning. Det er ikkje høve til å starte deponering i GV1 før GV2-3 er fullført, dette er sikra i føresegn. Deponia skal reetablerast med stadeigen vegetasjon. For å trygge ferdselen i området skal det også settast opp gjerde innanfor vegetasjonsskjermen som sikrar at uvedkommande ikkje kjem seg inn på næringsarealet. Dette skal plasserast så nære tilkomstvegen som mogleg slik at det vert sett att mest mogleg areal til ålmenta innanfor vegetasjonsskjermen.

6.2.4 §12-5. Nr. 6 - Bruk og vern av sjø og vassdrag, med tilhøyrande strandsone

6100 - Ferdsel

Alt sjøareal i planen er regulert til offentleg ferdsel-formål. Innanfor formålet er det høve til å ankre opp eller legge flytande farkostar i opplag ved behov. Båtar, skip, plattformar, oppdrettsanlegg osv. er eksempel på dette.

6.3 Omsynssoner

6.3.1 Frisiktsone, H140

Frisiktsone er teikna i samsvar med kap. D.1.4.2 *Siktkrav* i N100 og målast ut frå stoppsikt (L_s) på primærveg og avstand inn i sekundærveg (L_2), målt frå kantlinje, som vist i Figur 36.


D.1.4.2 Siktkrav

Siktkrav i avkjørsler defineres med sikttrekanten. Disse bestemmes ut fra stoppsikt (L_s). Stoppsikt for gater er gitt i del B og for veger i hver dimensjoneringsklasse i del C.

Innen sikttrekanten skal eventuelle sikthindringer ikke være høyere enn 0,5 m over primærvegens kjørebanelnivå. I tillegg kontrolleres det at planet mellom øyepunkt i avkjørselen og kjørebanelnivå i primærvegen, er fritt for sikthindringer. Objekthøyden settes lik 0,25 m.

Enkeltstående trær, stolper og liknende som ikke er sikthindrende, kan stå i sikttrekanten.

Sikt bør sikres i henhold til Figur D.24 og Tabell D.6. Avstander inn i sideveg måles fra kantlinje.



Figur D.24: Siktkrav i avkjørsler

Figur 36: Utklipp fra s. 64 i N100.

Fylkesvegen er definert som lokal veg ($L1$) og har kravd stoppsikt (L_s) på 105m. Avstand inn i sideveg ($L2$) vert valt ut frå ÅDT og fartsgrense i avkjørsle. $L2$ i avkjørsle er sett til 4,0m. Frisiktsoner viser i plankartet.

Tabell D.6: Siktkrav i avkjørsler, $L2$

Trafikk i avkjørsel	Fartsgrense [km/t]		
	30 og 40	50, 60 og 80	90
ÅDT < 50	3	4	6
ÅDT > 50	4	6	8

Figur 37: Utklipp om siktkrav i avkjørsler, henta frå N100.

6.4 Rekkefølgeføresegn

Det er sett inn rekkefølgeføresegn om VAO-plan og sløkkjevassordning som sørger for ryddige løysingar på desse problemstillingane.

7 Verknader av planforslaget

7.1 Overordna og overlappende planar

Kommuneplanen regulerer området til næring med trong for tilflot frå sjø. Reguleringsplanen legg opp til nettopp dette og føl dermed opp kommunen sine ønskjer for området sin framtidige bruk.

7.2 Kulturminne og kulturmiljø

Ingen verknad.

7.3 Landskap

Området er allereie stukke hol på ved utsprenging og bygging av eksisterande verft. På grunnlag av dette vert verknadane mindre enn ved ei nyetablering i urørt område.

7.4 Friluftssareal, rekreasjonsverdi og bruk

Reguleringsplanen sørgjer for eit klart skilje mellom næringsareal og friluftssareal ved å regulere inn ein vegetasjonsskjerm mellom desse. Vegetasjonsskjermen sørgjer for tilstrekkeleg avstand mellom naturopplevingane i vest og næringsområdet i aust og at naturopplevingane ikkje vert vesentleg forringa av næringsaktiviteten samanlikna med dagens situasjon. Vegetasjonsskjermen er tillate å nytte til deponi av overskotsmasse, men det er sett føresegn om at slike massar skal arronderast på ein måte som gjev området eit naturleg preg og at ein ikkje skal nytte GV1 før GV2-3 er fullførte. På denne måten har ein ekstra areal å nytte til deponi ved behov, samtidig som ein sikrar landskapsverdiane i området. Deponi skal dekkast til med stadeigen masse og vegetasjon som ivaretek dagens artssamansetning.

7.5 Naturverdiar, viltinteresser, økologiske funksjonar osv.

Planforslaget får ikkje verknader for viktige naturverdiar i området. Det finst frå før veldig få naturverdiar og dei som finst i området (tareskog i sjø) vert ikkje berørt av byggeplanane.

7.6 Jordressursar/landbruk/skogbruk

Ikkje aktuelt.

7.7 Teknisk og sosial infrastruktur

7.7.1 Trafikkforhold

Det var på grunnlag av friskt SVV ønskte ei revurdering av plasseringa av avkøyrsla. Sidan ein finn at friskt ikkje er ei problemstilling mot. gjeldande krav legg ein opp til å vidareføre dagens plassering av avkøyrsla i denne detaljreguleringa.

Ved dagens plassering oppnår ein både gode stigningsforhold på ny tilkomst (ca. 6%), og ein opprettheld gjeldande krav til friskt langs fylkesvegen. Løysinga er også mindre arealkrevjande og gjev meir næringsareal når ein får tilkomst på ei side og ikkje midt i næringsområdet.

7.7.2 Vatn - avløp – overvatn

Det er sett krav om godkjend VAO-plan før igangsetjingsløyve, noko som sørgjer for tilfredsstillande og tilpassa løysingar for framtidig utbyggar.

7.7.3 Høgspenlinjer, leidningar i grunnen og trafostasjonar

Planforslaget gjev rom til å endre på dagens løysing med trafo ved vegen og luftlinje ned til tomte på ein slik måte at ein i framtida kan etablere slikt fortrinnsvis innanfor felt BAB eller fritt innanfor BN på ein formålstenleg måte.

8 Vedlegg

Følgande dokument skal følge saka:

1. Føresegner, datert 14.01.22 (Nordplan AS)
2. Plankart, datert 14.01.22 (Nordplan AS)
3. Ros-analyse, datert 14.01.22 (Nordplan AS)
4. Planinitiativ, datert 13.02.2019 (Nordplan AS)
5. Oppstartsmøtereferat, datert 24.05.2019 (Vanylven kommune)
6. Varslingsbrev, datert 10.07.2019 (Nordplan AS)
7. Innspelsskjema, datert 14.01.2022 (Nordplan AS)
8. Samla innspel, datert 14.01.2022 (Nordplan AS)
9. Arkeologisk registrering Korsfura Etappe 1, datert 13.12.2013 (Fylkeskommunen)
10. Geologisk vurdering Skredfare, datert 26.03.2015 (Breiteig Fjordsenter AS)
11. Arkeologisk rapport 2020 Rovde Industriområde, datert 05.10.2020 (Fylkeskommunen)

